



LINDÅS KOMMUNE

DETALJREGULERING - FØRESEGNER FOR FV 57 - GANG/SYKKELVEG SKODVIN - VÅGSEIDET

jf. Plan- og bygningslova (PBL) § 12-7

Nasjonal arealplan-ID:	1263-201406
Datert:	15.11.2017
Revidert:	dd.mm.åååå
Vedtatt:	dd.mm.åååå

PLANEN SI GRENSE OG REGULERINGSFØREMÅL

Planen si grense er vist på plankarta datert 15.11.2017 (5 stk.). Areala i planområdet skal nyttast til følgjande reguleringsføremål:

BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL §12-5, nr. 1)

- Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK

INFRASTRUKTUR (PBL §12-5, nr. 2)

- Veg (SV)
- Køyreveg (SKV)
- Fortau (SF)
- Gang- / sykkelveg (SGS)
- Gangveg/gangareal (SGG)
- Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)
- Annan veggrunn – grøntareal (SVG)
- Kollektivhaldeplass (SKH)
- Parkeringsplassar (SPP)
- Angitt samferdselsføremål kombinert med andre angitte hovudføremål (SAA)

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØRMÅL

SAMT REINDRIFT (PBL §12-5, nr. 5)

- LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (L)
- Vern av kulturmiljø og kulturminne (LKM)

BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL §12-5, nr. 6)

- Drikkevann (VD)
- Naturområde i sjø og vassdrag (VNV)
- Angjeve tilhøve i sjø og vassdrag med eller utan

tilhøyrande strandsone kombinert med andre hovudføremål (VAA)

OMSYNSSONER (PBL §12-6 jf. §11-8 a til f)

- Nedslagsfelt drikkevatt (H110)
- Frisikt (H140)
- Raud sone etter T-1442 (H210)
- Gul sone etter T-1442 (H220)
- Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar)(H370)
- Bevaring kulturmiljø (H570)

BESTEMMELSESMÅLE (PBL § 12-7)

- Utforming – Gang- og sykkelbru (#1)
- Utforming – Korridorar for tilrettelegging av enkle koplingar til Den Trondhjemske postvei (#2 - #3)
- Anlegg- og riggområde (#4 - #32)

§1

FELLES FØRESEGNER

(PBL § 12-7)

1.1 Kulturminne

Dersom det under anleggsarbeid blir oppdaga automatisk freda kulturminne, må arbeidet straks stoppe og Fylkeskonservatoren varslast, jf. kulturminnelova.

1.2 Plan for ytre miljø

Det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø (YM-plan) i samband med byggeplan.

1.3 Rigg- og marksikringsplan

Det skal utarbeidast ein rigg- og marksikringsplan (RM-plan) i samband med byggeplan.

1.4 Forureining

Forureining i grunn

Ved avdekking av forureina grunn skal dei forureina massane handsamast etter dei til ei kvar tid gjeldande forskrifter og etter fastlagte tiltaksplanar. Tiltaksplanar utarbeidast under detaljprosjekteringa.

Forureining i vatn

Vassførekomst skal i utgangspunktet vernast mot skade. Avdekking av forureining av vassførekomst skal handsamast etter gjeldande lover og forskrifter og etter fastlagte tiltaksplanar. Tiltaksplanar utarbeidast ved utarbeiding av plan for ytre miljø (YM-plan).

Tiltak skal overvakast undervegs for å unngå forureining som kan gå utover naturmiljø og biologisk mangfald i vassførekomst.

Vasskvaliteten i Eidsvatnet, Skodvinsvatnet,

Gaulevatnet og Gauleelva skal overvakast under anleggsfasen.

Det skal nyttast metodar for utfylling av massar og oppføring av konstruksjonar til veganlegget som i størst mogeleg grad avgrensar skade på natur og miljø. Det skal nyttast sikringstiltak, som t.d. siltgardin, for å hindre forureining under anleggsfasen.

1.5 Universell utforming

Prinsippet om universell utforming skal ligge til grunn ved utforming av veganlegget.

Busshaldeplassane skal utformast slik at dei kan nyttast av alle menneskjer på ein likestilt måte så langt det er mogeleg utan spesielle tilpassingar eller hjelpemidlar.

1.6 Landskap og estetisk kvalitet

Terrenginngrep i samanheng med veganlegget skal skje mest mogeleg skånsamt. Fjellskjeringar og fyllingar skal avrundast og tilpassast tilgrensande terreng. Noverande vegetasjon skal ivaretakast i størst mogeleg utstrekning. Dette gjeld særleg kantvegetasjon langs vassdrag.

Bygde element som bru, murar og andre element langs veg skal gis god utforming og ha god materialkvalitet.

Det skal i byggeplanfasen utarbeidast O-teikningar som visar utforming av dei permanente deponia jf. §8.3.4.

1.7 Framande artar

Framande artar innanfor planområdet skal handterast i høve til Statens vegvesens retningslinjer og anna gjeldande regelverk.

1.8 Formålsgrenser

Mindre justeringar mellom areal regulert til «Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur» og tilgrensande arealformål skal tillatast, og skal grunnngis i vanskelege grunntilhøve, ustabil og vanskeleg fjell, trong for sikring, trong for endra fylling- og skråningsutslag m.m. Det er føresett at areal som ikkje blir disponert til vegformål får same formål som tilgrensande område.

§2

REKKEFØLGEKRAV

(PBL § 12-7 nr. 10)

2.1 Tilhøyrande veganlegg

Gangareal o_SGG3 skal ferdigstillast til same tid som busshaldeplass o_SKH1.

2.2 Enkle koplingar til Den Trondhjemske postvei

Koplingar til Den Trondhjemske postvei innanfor områda #2 og #3 (§8.2) skal gjerast ferdig på same tid som resten av veganlegget.

2.3 Landskap

Terrenghandtering skal gjerast ferdig på same tid som resten av veganlegget. Planting skal vere ferdigstilt seinast vårsesongen etter at veganlegget er opna.

2.4 Mellombels rigg- og anleggsområder

Etter avslutta anleggsperiode, og seinast eit år etter at anlegget er teke i bruk, skal areal for anlegg- og riggområde, i størst mogeleg grad tilbakeførast til tilsvarande stand som områda hadde før anleggsstart, eller til nytt føremål gitt i plan.

§3

BYGNINGAR OG ANLEGG

(PBL § 12-5 nr. 1)

3.1 Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)

Innanfor BOP kan det leggjast til rette for barnehage, undervisning og forsamlingslokale.

BOP2 kan nyttast som erstatningsareal for tapt leikeareal på gnr./bnr. 94/2.

Maksimal tillaten grad av utnytting er 20% BYA. Regulert parkering på SPP1 skal ikkje reknast med i utnyttingsgrad.

Maksimal mønehøgde på bygningane er 12 meter over planert terreng sitt gjennomsnittsnivå rundt bygningen.

Mindre terrengarrondering, leikeapparat og andre mindre konstruksjonar knytt til skulen sitt uteområde er tillate utanfor byggegrensa.

§4

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

(PBL § 12-5 nr. 2)

4.1 Mindre endringar

Ved bygging kan det gjerast mindre endringar av grensa mellom dei ulike arealformåla innanfor «Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur».

4.2 Veg

SV05, SV09, SV11, SV13, SV15 og SV17 skal nyttast som tilkomst til eigedomen som er knytt til vegen.

f_SV04, f_SV10, f_SV12 og f_SV16 skal nyttast som tilkomst til eigedomane som er knytt til vegen.

SV02 skal nyttast som tilkomst til eigedomane gnr./bnr. 91/31, gnr./bnr. 91/9 og gnr./bnr. 98/4.

4.3 Avkøyrsløpilar

Avkøyrsløpilar kan forskyvast med maks 5 meter sidevegs.

4.4 Gang- og sykkelveg

o_SGS skal opparbeidast med fast dekke.

På o_SGS2 er det tillate med køyring til eksisterande einingar og landbruksdrift på gnr./bnr.: 91/7, 91/4, 91/9, 91/31.

På o_SGS6 er det tillate med køyring til eksisterande eining på gnr./bnr. 99/17.

4.5 Gangveg/gangareal

Alle SGG skal opparbeidast med fast dekke.

Det er tillate med køyretilkomst til eigedom gnr./bnr. 94/2 via o_SGG1 og o_SGG2 for drift av BOP1 og BOP2.

4.6 Fortau

o_SF skal opparbeidast med fast dekke.

4.7 Annan veggrunn - grøntareal

Areal avsatt til annan veggrunn grøntareal har same eigarstatus som vegen dette arealet er knytt til.

Innanfor annan veggrunn - grøntareal vert det tillate oppføring av naudsynte tiltak for bygging, drift og vedlikehald av veganlegget. Det vert mellom anna tillate etablering av naudsynte skjeringar, fyllingar, grøfter, murar, rekkverk, belysning, leskur, trapper, stiar og gangkryssingar, og vegteknisk infrastruktur som t.d. konstruksjonar, fundament for bru og tilhøyrande

murar. Det vert tillate etablering av koplingar til postvegen i form av t.d. sti/trapp. Det vert godkjent etablering av areal til oppstilling og henting av hushaldningsavfall.

I o_SVG19, o_SVG20, o_SVG27 og o_SVG54 skal det nyttast løysingar som gir minst mogeleg trong for inngrep i vassdrag.

I o_SVG33 skal det ikkje setjast i verk tiltak som kan gjere skade på Den Trondhjemske postvei. Grønt drag langs postvegen skal bevarast og området skal ikkje nyttast som anleggsbelte.

I o_SVG53 og o_SVG54 kan det også etablerast sikringstiltak for drikkevasskjelda Eidsvatnet, som t.d. system for reinsing av vegvatn. Inngrep i myra på o_SVG53 skal i størst mogeleg grad avgrensast og området skal kunne brukast som magasin og fordrøyningsanlegg for overvatn.

Jordskråningar skal, der det er mogeleg, såast til og plantast med stadeigen vegetasjon.

4.8 Annan veggrunn - tekniske anlegg

Innanfor annan veggrunn – tekniske anlegg er det tillate oppføring av naudsynte tiltak for bygging, drift og vedlikehald av veganlegget.

4.9 Parkeringsplass

SPP1 skal nyttast til parkering for BOP.

o_SPP2 skal nyttast til offentleg turparkering.

4.10 Kollektivhaldeplass

o_SKH1 skal opparbeidast med plass til ein buss i kvar retning. Det skal vere mogeleg å snu med buss. Det skal etablerast trygge forbindingar for mjuke trafikantar til gangareal o_SGG3.

§5

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL SAMT REINDRIFT

(PBL § 12-5 nr. 5)

5.1 Permanente terrengendringar

Dersom inngrep i elveløpet ved o_VAA2 og o_VAA4 gjer det naudsynt med tiltak for å sikre tilstrekkeleg gjennomstrøymingskapasitet for elva, vert det innanfor L08 og L14 tillate å gjere avbøtande tiltak i form av permanente terrengendringar. Stabilitet av det nye terrenget skal sikrast og det er tillate med oppsetting av naudsynte erosjonssikring.

5.2 Vern av kulturmiljø eller kulturminne (o_LKM)

Heile det historiske veganlegget Den Trondhjemske postvei innanfor o_LKM skal bevarast: Vegbane, breidde, vegkropp med murar, veggrøfter, stikkrenner, bru.

§6

BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE

(PBL § 12-5 nr. 6)

6.1 Generelt

Naturlege vassbotnar og vasskantar skal bevarast eller reetablerast der dette er mogeleg.

Alle bekkar som vert råka i planområdet skal sikrast fortsatt løp på ein tilfredsstillande måte, fortrinnsvis ved å oppretthalde bekk i dagen. Dersom det vert naudsynt kan kortare strekk leggest i røyr.

6.2 VAA

o_VAA er kombinert formål naturområde i sjø og vassdrag (o_VNV) og anna veggrunn- grønt (o_SVG). I o_VAA skal det nyttast løysingar som gir minst mogeleg trong for inngrep i vassdraget. Ved inngrep i vassdrag skal det nyttast mest mogeleg miljøvennlege løysingar. Kantvegetasjon skal søkjast reetablert der det er mogeleg.

6.3 VD

Ved tiltak ved Eidsvatnet VD, skal det sikrast at vasskvalitet ikkje vert dårlegare enn i dag.

Det skal vurderast sikringstiltak mot utforkøyring ved drikkevasskjelda Eidsvatnet, som t.d. betongmur/-rekkverk langs fylkesvegen ved o_SVG53 og o_SVG54.

6.4 Nærmare undersøkingar

Ved etablering av ny bru mellom Skodvinsvatnet og Gaulevatnet skal det gjerast naudsynte undersøkingar i samband med utarbeiding av byggeplan for å sikre at ikkje maksimal vasstanden i Gaulevatnet og Skodvinsvatnet aukar på grunn av tiltaket. Det skal òg gjerast vurdering av verknader av løysing for naturmangfald.

6.5 Torvena bru

Ved etablering av ny bru mellom Skodvinsvatnet og Gaulevatnet skal ein i størst mogeleg grad oppretthalde same terskelhøgde og breidde på

kanalen som i dag slik at ein ikkje påverkar vasstanden og flaumtilhøva i dei to vatna.

6.6 Gauleelva og Gaulen bru

Tiltak i og langs elva skal utformast på ein måte som gjer at ein ikkje snevrrar inn elveløpet og unngår oppstuving i elva.

§7

OMSYNSSONER

(PBL § 12-6)

7.1 Nedslagsfelt drikkevatt (H110)

Området er definert som nedslagsfelt for drikkevatt, og tiltak innanfor området må avklarast etter drikkevassforskrifta.

7.2 Frisiktzone (H140)

Det skal ikkje setjast opp konstruksjonar eller andre installasjonar i frisiktsona som hindrar fri sikt etter veglova sine reglar.

7.3 Støysoner (H210 og H220)

Råda i T-1442 (*“Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging”*) og rettleiaren til denne (M-128), skal, så langt det er teknisk mogeleg og økonomisk forsvarleg etter kost/nytte-vurderingar, overhaldast. Det skal gjerast to separate vurderingar for støy, ein i anleggsperioden og ein for det ferdige veganlegget.

7.4 Faresone – høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar) (H370)

Område H370 er høgspentsone bandlagt etter energilova. Linjeeigar må godkjenne endringar på terrenghøgder innanfor faresona, og kan eventuelt krevje heving eller flytting av høgspentlinje.

Alt arbeid som kjem nærare linja enn 30 m må varslast linjeeigar i forkant og eventuelle krav frå linjeeigar skal følgjast.

7.5 Omsynssone bevaring kulturmiljø (H570)

Heile det historiske veganlegget Den Trondhjemske postvei innanfor områda H570 skal bevarast: Vegbane, breidde, vegkropp med murar, veggrøfter, stikkrenner, bru.

Innanfor omsynssonene skal det ikkje gjerast inngrep i terreng og vegetasjon, eller setjast i verk tiltak eller bruksendringar som kan gjere skade på postvegen, forandre veggen sin karakter, eller utilbørleg skjemme kulturminnet, med mindre det er gitt løyve til dette av kulturminnemyndigheita.

Postvegen kan nyttast som køyretilkomst for eksisterande einingar på gnr./bnr. 99/24 og gnr./bnr. 99/34. Køyring skal berre skje med køyretøy som ikkje skadar vegen.

§8

BESTEMMELSEOMRÅDE

(PBL § 12-7)

8.1 Gang- og sykkelbru (#1)

Innan området #1 skal det etablerast gang- og sykkelbru. Gang- og sykkelbrua skal ha universell utforming, med jamt, sklisikkert dekke.

8.2 Korridorar for tilrettelegging av enkle koplingar til Den Trondhjemske postvei (#2 og #3)

Innan området #2, skal det leggjast til rette for enkle koplingar for å binde saman dei to strekningane av postvegen sør og nord for f_SV16. Innan området #3, skal det leggjast til rette for enkel kopling mellom o_SGS6 og postvegen.

Koplingane skal vere opne for allmenn ferdsel.

Utforming av koplingane skal gjerast i samarbeid med kulturminnemyndigheita.

8.3 Mellombels anlegg- og riggområde #4-#32

Områda avsette til *anlegg- og riggområde* kombinert med andre gjevne hovudføremål, kan, så langt ikkje anna er spesifisert, nyttast til anleggsområde inkl. riggplass, anleggsvegar, omkøyringsvegar, mellombels lager for alle typar massar og lagerplass for bygningsmateriell og maskiner så lenge anleggsarbeida pågår.

Føremålet mellombels *anlegg- og riggområde* tar slutt og skravuren fjernast frå planregisteret når veganlegget er overtatt til planlagt bruk. Områda skal etter dette nyttast til dei føremål dei er regulert eller disponert til, og med føresegner frå gjeldande planer.

For #31 SAA skal arealformål *næring* vere gjeldande i samhøve med kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden med tilhøyrande føresegner.

8.3.1 Tryggleikssone #9, #14 og #15

Vegeigar kan gjere naudsynte trafikkisikringstiltak innanfor områda #9, #14 og #15 t.d. mindre terrengendringar. Tiltak i områda skal i størst mogeleg grad avgrensast.

8.3.2 Vassdrag #11, #13 og #32

Tiltak i vassdrag og vasskantar skal gjennomførast på ein skånsam måte og skal avgrensast mest mogeleg.

I #13 vert det tillate omlegging av elveløpet så fram det blir naudsynt.

8.3.3 Flytting av steingjerde

Eksisterande steingjerde ved o_SKH6 kan flyttast innanfor #17 i samråd med grunneigar. Steingjerdet skal etablerast i sikker avstand frå fv. 57. Ved flytting skal arbeidet utførast med bruk av tradisjonell tørrmuring for å vidareføre dei historiske kvalitetane som eksisterande gjerde har.

8.3.4 Deponiområde #5, #7, #18, #23 og #27

Områda #5, #7, #18, #23 og #27 kan brukast som permanente deponi for overskotsmassar.

I område #27 tillatast heving av terrenget med inntil 5 m.

I område #18 tillatast heving av terrenget med inntil 3 m.

I område #5, #7 og #23 tillatast heving av terrenget med inntil 2 m.

§9

EIGARFORM

(PBL § 12-7 nr.14)

9.1 Offentleg

Offentlege areal er vist i plankartet med prefiks o_.

9.2 Felles

Areal regulert til felles eigarform er vist i plankartet med prefiks f_.

9.3 Anna

Areal regulert til anna eigarform er vist utan prefiks i plankartet.